

## Innkalling

---

Utval	Representantskapet SKS IKS
Møtestad	Lerstadvegen 545, møterom revisjon 4. etasje
Dato	20.10.2021
Tidspunkt	kl 12:30

---

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: [post@sksiks.no](mailto:post@sksiks.no) eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Elektroniske dokumenter finnes også på [kontrollutval.no/selskapet-iks](http://kontrollutval.no/selskapet-iks)

### Sakliste

- PS 05/21 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 06/21 Godtgjersle styret og representantskapet 2022
- PS 07/21 Val av styremedlem 2022 - 2025
- PS 08/21 Budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Ålesund, 11.10.2021

Dag Olav Tennfjord  
Leiar representantskap

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 05/21	Representantskapet SKS IKS	20.10.2021

### **Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

**Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møtebok frå forrige møte slik den ligg føre.

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS (SKS IKS)**

**Representantskapet**

**MØTEBOK**

Møtedato: 15. juni 2021, kl. 09.00

Møtestad: Fjernmøte i Teams

Møte vart leia av Dag Olav Tennfjord, Ålesund kommune.

Elles til stades:

Gudmund Relling, Fjord kommune, Leonhard Vårdal (deltok på telefon), Sykkylven kommune, Svein Erik Rimstad (vara), Stranda kommune, Dag Oksnes, Giske kommune, Jan Magnar Sandvik, Sula kommune, Vebjørn Krogsæter, Ålesund kommune.

Forfall: Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune. Håkon Lykkebø Strand, Ålesund kommune, Åge Vikestrand, Ålesund kommune, Randi Asbjørnsen, Ålesund kommune.

= **7 voterande**

Frå administrasjonen møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og rådgjevar Solveig Kvamme. Styreleiar Svein Ove Søholt deltok på møtet.

Det var ingen merknader til innkallinga og saklista blei godkjent.

## **SAK 04/21 DISPONERING AV MIDLAR FRÅ DISPOSISJONSFOND**

Sakspapir frå sekretariatet datert 7. juni 2021 og vedtak frå styre sitt møte 3. juni 2021.

### **Representantskapet sitt samrøystes vedtak:**

Representantskapet gjev styret for Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS løyve til å disponere kr 251 000 frå disposisjonsfondet til anskaffing av saksarkivsystem for selskapet.

---

Møtet var slutt kl. 09.20

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 06/21	Representantskapet SKS IKS	20.10.2021

### Godtgjersle styret og representantskapet 2022

#### Tilråding til vedtak:

- Godtgjering for arbeidet i representantskapet og styret er satt til 1.835,- per møte.
- Leiar i representantskapet og leiar i styret skal ha fast årleg godtgjersle med tillegg av godtgjersle per møte. Godtgjersle til styreleiar utgjer 24.750,-. Godtgjersle til leiar av representantskapet utgjer 8.970,-. Dersom funksjonstida er under eit år blir den faste godtgjersla avkorta forholds messig.
- Nestleiar i representantskapet og nestleiar i styret skal ha 2.630,- i godtgjersle per møte dersom dei må tre inn og leie møtet i leiaren sitt fråvær.

#### Bakgrunn:

Etter kommunelova kapittel 7, rettigheter og plikter for folkevalde, har den som har eit kommunalt tillitsverv krav på skyss, kost og overnattingsgodtgjersle for reiser som følgje av vervet sitt etter gjeldande reglar.

Tap av inntekt og påførte utgifter som følgje av kommunalt tillitsverv skal godtgjerast opp til et visst beløp per dag. Det skal vidare fastsettast ulike satsar for dokumenterte og ikkje dokumenterte tap.

Det følgjer vidare av lova at den som har eit kommunalt tillitsverv har krav på godtgjersle for sitt arbeide etter nærare reglar.

Eksisterande godtgjersle i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS er følgjande (vedtatt i sak 11/20 i representantskapet på møte 21. oktober 2010) :

- Godtgjering for arbeidet i representantskapet og styret er satt til 1.780,- per møte.
- Leiar i representantskapet og leiar i styret skal ha fast årleg godtgjersle med tillegg av godtgjersle per møte. Godtgjersle til styreleiar utgjer 24.000,-. Godtgjersle til leiar av representantskapet utgjer 8.700,-. Dersom funksjonstida er under eit år blir den faste godtgjersla avkorta forholds messig.
- Nestleiar i representantskapet og nestleiar i styret skal ha 2.550,- i godtgjersle per møte dersom dei må tre inn og leie møtet i leiaren sitt fråvær.

Det er lagt inn et forslag på vekst i satsane på 3,1 % noko som tilsvara veksten i årslønn frå SSB (statistisk sentralbyrå).

**Vurdering:**

Representantskapet står fritt til å følgje dette eller gjere vedtak på andre satsar.

## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 07/21	Representantskapet SKS IKS	20.10.2021

### Val av styremedlem 2022 - 2025

#### Tilråding til vedtak:

Saka leggst fram utan tilråding til vedtak frå administrasjonen.

#### Bakgrunn:

Heimel for val av styre finn oss i lova om interkommunale selskap (IKS lova) paragraf 10:

#### **§ 10. Styret og styrets sammensetning**

*Selskapet skal ha et styre på minst tre medlemmer. Dersom de ansatte skal velge styremedlemmer etter åttende eller niende ledd i paragrafen her, skal styret ha minst fem medlemmer. Dersom de ansatte skal velge styremedlemmer etter tiende ledd i paragrafen her, skal styret ha minst syv medlemmer. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende.*

*Styremedlemmene velges av representantskapet med de unntak som er nevnt i denne paragrafen. Representantskapet kan når som helst fjerne et styremedlem som det selv har valgt.*

*Representantskapet velger styrets leder og nestleder med mindre det er fastsatt i selskapsavtalen at valget foretas av styret selv.*

*Daglig leder eller representantskapsmedlem kan ikke være medlem av styret.*

*Styremedlemmene velges for to år med mindre annet er avtalt. Valgperioden kan ikke settes lengre enn til fire år. Styremedlemmer tjenestegjør inntil nye medlemmer er valgt, selv om tjenestetiden er gått ut.*

## Vurdering:

Representantskapet i selskapet gjorde i sitt møte 23. januar 2020, sak 03/20, val på følgende styre:

Styreleiar	Svein Ove Søholt	valt for 4 år (2020 – 2023)
Nestleiar	Anne Lise Følsvik Hessen	valt for 4 år (2020 – 2023)
Styremedlem	Rolf Bergmann	valt for 2 år (2020 – 2021)
Varamedlem	Gunn Wågsholm	valt for 1 år
Varamedlem	Ranveig Bakken Stavseth	valt for 1 år
Varamedlem	Thor Hansen	valt for 1 år

Rolf Bergmann har varslet at han ønskjer avløyning og representantskapet må difor velje nytt styremedlem. Det anbefalast at nytt styremedlem veles for 4 år slik at kontinuiteten blir i selskapet sitt styre. Dette fordi både leiar og nestleiar er på val i 2023.

Valkomiteen ved Gudmund Relling vil i møtet onsdag 20. oktober 2021 legge fram innstilling til nytt styremedlem og gje ei grunngjeving for sitt arbeide.



## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 08/21	Representantskapet SKS IKS	20.10.2021

### **Budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS**

#### **Tilråding til vedtak:**

1. Budsjett 2022 og økonomiplan for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS blir vedteke slik det ligg føre i vedlegg nr. 1, jf. også fordelingstabell vedlegg nr. 2.
2. Deltakarkommunane betaler inn sin budsjetterte del av utgiftene med 1/3 med forfall 1. mars, 1. juli og 1. november i budsjettåret.

#### **Bakgrunn:**

Budsjettforslaget er sett opp i samsvar med § 18 i Lov om interkommunale selskap og skal gi eit realistisk bilete av verksemda og det forventa resultatet av drifta for 2022.

Den enkelte deltakarkommune sin budsjett andel for 2021 er ei teknisk utrekning i samsvar med den selskapsavtalen (gjeldande frå 1. januar 2020) der også forventa medgått tid er ein faktor.

Ein syner til sak 02/19 i representantskapet sitt møte 21. februar 2019 for ei nærare utgreiing av denne berekningsmodellen.

Budsjettforslaget for 2022 er sett opp med utgangspunkt i rekneskapslova sine reglar og Norsk standard kontoplan 4102.

#### **Vurdering:**

Dagleg leiar la fram vedlagte budsjett og økonomiplan for styret i møte 14. september 2021. Styret vedtok samrøystes tilrådinga til vedtak.

## **Vedlegg**

Budsjett 2022 - økonomiplan 2022 - 2025

Fordeling deltakarkostnader for 2022

**FORSLAG BUDSJETT 2022 OG ØKONOMIPLAN 2023-2025 SKS IKS**

	Budsjett 2022	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
3100 Deltakarkommunar avg.fri	3 330 228	3 249 000	2 599 998
3120 Annen inntekt			3 905
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>3 330 228</b>	<b>3 249 000</b>	<b>2 603 903</b>
5000 Fastlønn	1800000	1700000	980149
5050 Bilgodtgjørelse oppg.pl.	10000	10500	9132
5051 Bilgodtgjørelse, oppg.pl avgiftspl.			1383
5090 Feriepenger	250000	240000	119942
5300 Godtgjørelse til styre/representantskap	129638	110000	102200
5400 Arbeidsgiveravgift	240000	230000	161840
5405 Arbeidsgiveravg av påløpne feriep	25000	25000	16912
5421 KLP Permiepensjon og egenkapitalinnskudd	175000	250000	120642
5431 Reg. premie KLP			
5432 Kostnadsføring KLP innskudd			11481
5990 Velferdsmidler			349
<b>Sum personalkostnader</b>	<b>2629638</b>	<b>2565500</b>	<b>1526569</b>
6100 Medlemskontigenter	70000	65000	48748
6101 OU-kontigenter arb.giver			
6300 Leie lokaler	120000	85000	99860
6340 Strøm	2000	2000	636
6350 Parkering	10000	9500	
6360 Renhold	5000	6500	5937
6390 Felleskostnader lokaler	15000	11500	9000
Årlig lisens Acos	90000		
6510 EDB-utgifter	50000	50000	48182
6700 Revisjonshonorar	45000	45000	25800
6705 Regnskapshonorar	55000	55000	50000
6720 Konsulentonorar økonomisk / juridisk		90000	105202
6730 Konsulentonorar adm / tekstbehandling			63882
6800 Kontorrekvisita	10000	6000	6846
6840 Oppslagsverk, aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	25000	20000	13344
6860 Møte, kurs, oppdateringer o.l.	100000	10000	27945
6861 Møter og kurs, kontrollutvalget			183
6870 Kurs og kostnad kontrollutvalg	5000	5000	1788
6890 Annen kontorkostnad (KOMREV)	5000	5000	
6900 Telefoni og annen el. kommunikasjon	20000	15000	7797
6940 Porto	2338	2000	
7040 Forsikring og avgift transportmidler			
7050 Ulykke- og fritidsforsikring	6000	6000	5555
7100 Bilgodtgjørelse oppg.pl.			
7140 Reisekostnad, ikke oppg.pl.	50000	50000	8445
7770 Bank- og kortgebyr	5000	5000	5530
7300 Reklame, annonse			34065
8040 Renteinntekter skatt, skattefri			
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>690338</b>	<b>673500</b>	<b>613754</b>
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>3319976</b>	<b>3249000</b>	<b>2140323</b>
8051 Renteinntekter (finansinstustisjoner)			
8150 Rentekostnad (finansinstustisjoner)			
<b>Sum netto finans</b>	<b>10252</b>		
<b>RESULTAT</b>	<b>0</b>	<b>12000</b>	<b>475697</b>

**Forslag til økonomiplan 2023-2025**

	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
INNTEKT			
KOMMUNER	3 420 225	3 519 225	3 621 283
LØNN OG PERSONALKOSTANDER	2 700 638	2 778 638	2 859 219
ANDRE DRIFTSKOSTNADER	708 938	728 938	750 077
SUM KOSTNADER	3 409 576	3 507 576	3 609 296
FINANSINNTEKTER			
<b>RESULTAT</b>	<b>10650</b>	<b>11649</b>	<b>11987</b>

deflatorvekst 2,7

deflatorvekst 2,9

deflatorvekst 2,9

Vedlegg 2 til sakspapir: Fordelingstabell

**Budsjettert fordeling av deltakarkostnader SKS IKS 2022**

	andel	50 % eigerdel	medgått tid	% medgått tid	totalt 2020
Ålesund	6	908244	499534	30	1407778
Fjord	1	151374	233116	14	384490
Giske	1	151374	233116	14	384490
Stranda	1	151374	233116	14	384490
Sula	1	151374	233116	14	384490
Sykkylven	1	151374	233116	14	384490
<b>sum</b>	<b>11</b>		<b>1665114</b>	<b>100</b>	<b>3 330 228</b>

**økning fra 2021**

34341

9378

9378

9378

9378

9378